

Møtereftrat

Møte: Tlf møte AU Nord-Norge
Tid/Sted: Torsdag 18.02.16 kl 08.30 - kl 09.25
Tilstede: Bernt Mikalsen, Ragnhild Engan, Morten Fredriksen, Merethe Sund, Endre Østbø, Teig Madsen
Forfall: Pål-Ove Wika, Svein Slåttsveen og Svein Inge Jakobsen
Kopi til: Vara AU, leiargruppa region Nord og Tor Olav Brandtzæg
Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 18. februar 2016

Sak nr.	Emne	Ansvar
---------	------	--------

- | | | |
|---|--|--|
| 1 | Gjennomgang av årsmelding og rekneskap, basert på plansjeserien til kretsmøta
Teig orienterte om resultat før skatt på 359 mill. Resultat i samsvar med budsjett og mål i 3-årig strategiplan. Isolert sett bra, men skapt gjennom kostnadsreduksjonar. Har fortsatt utfordringar i sluttmarknad, med manglande vekst i morselskapet, med tap av marknadsandelar og volum i merkevare. Fokusområde også krav til bankane til netto rentebærande gjeld over EBITDA. Kostnadsreduksjon utgjør 50 mill kr. Eingangspostar: Ingen sal av eigedomar, men sosiale kostnader lågare enn budsjett. Svak sommarsesong, volumtap pga Coop si overtaking av ICA, marknadssituasjonen kylling, oppstart og overskridingar Hærland påverkar negativt. EK-andel på 33 %. | |
|---|--|--|

Styret føreslår avsetning til medlemskapitalkonto på 80 mill, rente på 3,99 % og avsetning av 110 mill til etterbetalingsfond. Alternativ til etterbetalingsfond er fri EK. Gjev fleksibilitet seinare.

Mange overraska over resultatet i konsernråd i går. Streng kostnadsstyring er årsaka. Auke i råvarekost til eigarar frå 2010 til 2015, har skapt nytteverdi for eigarane.

Norfersk: Isolert sett betre enn budsjett, men negativt driftsresultat på 19 mill. Kylling: Hærland taktar no på budsjett, men har for lite volum til å oppnå full effekt.

Framover: Må førebu oss på meir sal av varer med lågare marginar, samt konseptutvikling. Inneber fortsatt fokus på kostnadskutt. Eige kostnadsreduksjonsprogram.

Positiv utvikling på tilførselsida ☺

Spørsmål/kommentarar:

- Er etterbetalingsfond knytt opp til endra leveringsvilkår og forventning om etterbetaling neste år?
- Svar: Er ambisjon om etterbetaling, men må skapast overskot.
- Skal etterbetalingsfondet aukast meir?
- Svar: Er ein del av resultatet i 2015, og kan ikkje omdisponerast utan årsmøtevedtak. Vil styrke EBITDA for å halde krava til bankane. Er også siste år at det vert sett av på medlemskapitalkonto, dvs vert ikkje auka ytterlegare. Difor behov for alternativ og fleksibilitet.
- Korleis ser sal av kylling ut, i fht volum på Hærland? Bygd for stort?
- Svar: Salet er på tur tilbake gjennom konseptutvikling med Norgesgruppen. Strukturendring vil også påverke volum på Hærland, men Elverum vil inntil vidare bestå av hensyn til produksjon i Trøndelag. Bygd framtidretta, alternativt hadde Nortura vore ute av kyllingmarknaden.
- Korleis slår tapet av First Price-kontrakten på kylling ut?

- Svar: Norgesgruppen kompenserer med auka samarbeid på andre kategoriar på kylling.
- Korleis slår kylling ut i Trøndelag? Gjeld 5 års karantene for alle, slik at dei ikkje går til konkurrent? Ryktast at nokon seier nei til sluttpakke for å kunne gå til konkurrent.
- Svar: Antal kyllingprodusentar som har meldt si interesse matchar veldig bra reduksjonsbehovet vi har. I Trøndelag har 20 produsentar i Namdalsområdet fått beskjed om at dei kan produsere ut 2016, samt 8-10 produsentar i Hordaland. Skaffar oss no kontroll over kvar vi ynskjer produsentane skal vere med vidare. Sluttpakke stimulerer til at nokon kan gå over til ammeku og slaktegris (nokre få). Slakteavtale med Norsk Kylling ut 2017, samtalar fortsatt.
- Kan vi risikerer smitteeffekt på andre dyreslag? Tap av marknadsandelar og negativ fokus på samvirke?
- Svar: Må informere godt om årsaka til at situasjonen har oppstått. Kylling er utan marknadsregulering, og skuldast auka konsesjonsgrenser. Rema har sagt at dei ikkje tek imot fleire produsentar. Konsesjonsauke på gris og egg kan gje til smitteeffekt.

2 **Sakliste regionutvalsmøtet 15.03**

Innspel:

- Ynskjer plass til orientering frå fagutvala.
- Mogeleg å starte møtet kl 10? Brit Kari sjekkar.
- Presisere at det er hotellet ved flyplassen

Brit Kari

3 **AU-møte 14.03**

Innspel:

- Møtestart kl 16.
- Ynskjer diskusjon om innlegg/førebuing årsmøtet
- Brit Kari ordnar hotellrom.

Brit Kari

4 **Eventuelt**